

Årsmøte Solund idrettslag 03.03.13

Vestbylen på idrettsbygget kl 17.00 – 19.15

Desse møtte:

Michael Niesar, Egil Røed, Ingvar Mårstig, Mark Ellevåg, Sissel Kråkås, Heidi Sanden, Irene Sanden, Kjell Arne Strømsnes, Dagrunn Krabbestig og Ingunn K. Mjåtvæit

Leiar Michael N. ynskjer velkommen.

Årsmøte sluttar seg til at alle som møter er medlemar og over 15 år og har dermed stemmerett.

Sak 1 godkjenning av innkalling og sakliste

Merknad til saklista:

- budsjett er ikkje komme med på saklista.
- Val av ein som kan disponere konto saman med kasserar

Årsmøte godkjenner at dette vart teke opp som sak under evt.

Årsmøte godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 2

Val av møteleiar : Michael vert vald

Val av referent : Ingunn vert vald

Val av 2 til å skrive under møtebok : Ingvar og Mark

Sak 3 Gjennomgang av årsmelding

Leiar og dei respektive styremedlemane gjekk gjennom årsmeldingane frå dei ulike aktivitetane gjennom året.

Merknadar til årsmeldingane:

- det er ynskje om eit tilsvarande møte mellom aktivitetsleiarane som ein hadde før oppstart med aktivitetane etter sommarferien også på vårparten, som eit evalueringsmøte. Tema her må gjerne vere ” kva ligg i lavterskelttilbod ” og ”korleis gje eit lavterskelttilbod”.
- Kartrin Drakos har vore aktivitetsleiar i 20 år (?), på tide med ei merksem? Styret skjekker dette.

Sak 4 Rekneskap 2012

Kasserar Heidi gjekk gjennom rekneskapet.

Årsmøte sluttar seg til revisor si anbefaling og godkjenner rekneskapet.

Sak 5 Kontingent

Årsmøte går for at ein held på same kontingent som ein har pr i dag.

Sak 6 Ny lovnorm som alle idrettslag må følge

Årsmøte sluttar seg til at den nye lovnormen vert innarbeidd i idrettslaget sine gjeldande retningslinjer.

Styret innarbeider dette.

Sak 7 Val

Venke Kollbotn går ut av styret.
Egil Røed tek attval for 2 år
Kim Arnes tek attval for 2 år
Ingunn K. Mjåtveit tek attval
Leiar Michael Niesar tek attval
Mark Elvevåg vert vald inn i styret for 2 år

Vigdis Ravnøy vert vald inn som revisor etter at Unni Ravnøy gjekk ut i 2012.
Medlemane i valnemnda ynskjer ikkje attval.

Årsmøte gjev styret mynde til å finne 2 medl. til valnemnda.

Kasserar Heidi ordnar med merksemd til dei som går ut av styret/nemnder.

Sak 8 Evt.

Budsjett

Kasserar går gjennom budsjettet for 2013. Deet er ikkje gjort store endringar frå 2012.
- grasrotandelen aukar og ligg no på ca 1000 kr pr veke!

Merknader frå årsmøte:

- endre treningsutstyr til kr 40 000,-
- styret må lage ein investeringsplan/oppdateringsplan over utstyr som ein ynskjer å få oppgradert eller investert i i samarbeid med aktivitetsleiarane.

Val av nokon som kan disponere konto saman med kasserar.

Kasserar Heidi informerer om at det er komme melding frå banken om at det må vere to som disponerer bankkonto og som er med ved uttak av pengar frå konto.

Årsmøtet gjev styret mynde til å velje ein i styret som skal disponere konto saman med kasserar.

Ingunn K Mjåtveit
referent

Underskrifter:

Ingvar Mårstig

Mark Elvevåg